



# ÅRSMELDING 2023 VOSS HANDBALLKLUBB

## Oversikt over organisasjon og verv

### **Klubbstyre Voss handballklubb 2023:**

Hege Toje (leiar)  
 Birgitte Horn (nestleiar)  
 Simona Schubertova (kasserar)  
 Guro Kolbu Christensen (dommarkontakt)  
 John-Inge Johnsen (materialforvaltar)  
 Susanne Johannessen (Barnesportsleg ansvarleg – ikkje aktiv etter juni 2023)

**Kampsekretariat:** Guro Kolbu Christensen, Erlend Mestad, Arild Petterson, Jan Olav Herre, Hilde Kyte Johnsen, Johanne Holst Rokne, , Sarita Kristine Paasche Saksvik, Guro Songve, Stine Gjerald, Jon-Arve Bjordal.

**Dommarar:** Guro Kolbu Christensen, Hege Toje, Malin Kolbu Herre, Annelin Rong Soldal, Nora Karin Bertelsen, Synva Osa Haugo, Thea Bryn Haugstedt, Sunniva Toje, Hanna Johnsen Furesund, Tuva Helland, Guri Bolstad, Emma Songve Flattun, Sara Skorpen Kråkevik, Marte Engvold Mugås, Maria Norekvål, Andrea Andersen Steinsland, Brita Nestaas Tillung, Harry Stikholmen.

**Kafé-ansvarleg:** Linda Svoren Dregelid

**Sportsleg leiar ungdom/senior:** Bodil Reime Sørлие

## **Aktivitetar og klubb utvikling i 2023**

### *Medlemstal og lag*

Klubben har 184 registrerte medlemmer per 31.12.2023. Klubben har per. 31.12 2023 12 lag, 4 gutelag i barne – og ungdomsklassen og 8 jentelag inkludert damelaget i 4 divisjon. Medlemstala har minka i etterkant av pandemien, i 2021 hadde klubben framleis 15 lag og 270 medlemmer registrert. Klubben har framleis en del lag på tvers av årsklassar, men fleire av laga har økt rekrutteringa og visa lovande utvikling.

### *Styret sitt arbeid i 2023*

Styret har hatt 9 styremøte i 2022. Styret har hatt eitt år der det manglar folk i sentrale posisjonar. Me har mangla barnesportsleg ansvarleg i 2023, og sponsoransvarleg i styret. Konsekvensen er at ikkje alle oppgåver blir løyst på ein god nok måte. Men heldigvis har vi hatt god stemning og folk som har bretta opp ermene og gjort ein strålande innsats for klubben i 2023 trass i manglande styremedlem.

### *Aktivitet i klubben i 2022*

Park Hotel Cup vart avlyst i 2023 grunna for få påmelde lag. Klubben må vurdere vidare om ein ynskjer å vidareføre ein vaksencup.

To nye lag i seksårsklassen ble starta opp i samarbeid med FBK Voss etter haustferien. Laga har fått på plass foreldretrenarar og lagleiar, startpakkar med t-skjorte og ball har blitt delt ut. Informasjonsmøte for foreldra blei arrangert.

I desember organiserte styret minihandball-cupen «Julemoro» for de yngste laga. Det vart ei fin stund med handball i idrettshallen, loddsal og mange kampar.

Klubben har satsa på å tilby foreldre og ungdommar trenarkurs. I tillegg har me eitt klubbabonnement på LearnHandball som alle trenarar har tilgang til. Hovudregelen er at laga har vaksne trenarar, men stadig fleire av ungdommane våre tek på seg trenaroppdrag for klubben. Me har 4 ungdommar som trenar lag i klubben i tospann, eller som hjelpetrenarar.

I forbindelse med VHC gjennomførte Voss HK kurs for barnekompleiarar. Det var 16 deltakarar på kurset. Barnekompleiarar kan dømmе på nivå 1, det vil seie, opp til 11 år. Av dei som tok kurset våren 2023, har 8 vore aktive dommarar etter kurset.

To av desse var også med på dommar 1 kurset som blei arrangert i august, kor det var totalt 8 deltakarar. Dommar 1 kan dømmе på nivå 8,9 eller 10 (avhengig av ferdigheiter) max. opptil 14 år. Av dei som tok dommar 1 kurs, så har 7 av 8 vore aktive dommarar etter kurset. Frå før har klubben tre aktive dommarar, til saman har klubben 10 dommarar. At klubben utviklar dommarar sjølve er viktig for å halde dommarrekningane på eit lågare nivå, samt at vi slepp gebyr frå kretsen grunna manglande dommarar.

Hausten 2023 blei det satt i gang trening på fredagar for folk som har lyst til å trene litt handball for gøy, ei såkalla senior-senior trening. Det er ein gjeng foreldre og tidlegare handballspelarar som har ei kjekk stund med handball på slutten av veka.



## Senior-senior gjengen

I desember 2023 viste klubben VM kampene til kvinnelandslaget i kafeen i hallen, til stor glede for dei som tok turen. Handball blei og det spela i pausen i kampene.

## Voss handballcup 2023

Cupstyret 2023:

Førenamn	Etternamn	Ansvar
Frank	Pedersen	Leiar
Igor	Schubert	Gryto
Guro	Christensen	Dommar og kampsekretariat
Mariann	Lunde Bystøl	Profixio og cupmail
Inger	Bryn	Voss Ungdomsskule
Anna	Bryn	Dugnad
Torill	Gjerstad	Mat
Torbjørn T.	Bakketun	Profixio og cupmail
Kjersti	Osa	Sponsorar og overnatting Voss gymnas
Bodil	Reime Sørлие	Mat
Jarle	Vines	Mat
Erlend	Mestad	Innsjekk Voss gymnas

**Dato for cupen: 14-16. april 2023**

**Antal lag:** 72 lag på fordelt på gymnaset og idrettshallen, 144 kampar.

**Antal årsklassar:** 9- og 10- åringer i idrettshallen på 3/4-dels bane og 11- og 12- åringer på gymnaset på stor bane. Det var lag i 7 klassar til saman.

**Antal spelarar:** 643

Cupen tilbyr 4 kamper for kvart lag, det vart ikkje sluttspel. Aktivitetar utanom er bading og disko. Premiar var sekk, dagskort i Voss resort og Vossabadet. Alt skjer på dugnad, unnateke dommarar som har teke dommarkurs tidlegare (dvs ikkje det året det er cup) og dommarar som held kurs og som er observatørar under cupen. Det var 17 spelarar i årsklassen 2007 og 2008 som tok barnekampliarkurset i samband med cupen.

Dugnadsansvarleg set opp dugnadslister til kvart lag basert på kor mange spelarar dei har, medan oppmann fordeler dugnadene ut på laget. Di færre lag klubben har, di større dugnadsbelastning vert det på kvart lag. Hovudutfordringa når cupen har blitt større er å skaffa nok dugnadsfolk og at det vert fleire dugnadstimar pr familie.

**Læringspunkt frå 2023:**

Arrangementet gjekk bra og det var få utfordringar undervegs.

Saker me kan gjera betre til neste cup er mellom anna å auka tilgang på dugnadsfolk, auka kapasiteten på utegrillen/serveringstelt, bestilla overnatting på skulane i god tid før cupen, setja

grense på maks 3 lag pr klubb i kvar klasse og krav om minst 2 innbytarar. Det siste er for å unngå at klubbane må spela mot sine eigne lag, samt sikra at fleire ulike klubbar får plass i cupen.

## Årsmelding for lag i Voss HK 2023

### Gutar 6

LAG: Gutar 2017

TRENAR/AR: Lene Husabø og Mari Hesjedal

LAGLEIAR/AR: Monica Bakketun

TRENINGSTID: Onsdag 17 - 18 i Voss Idrettshall

ANTALL SPELARAR: 6 - 8 stk

AKTIVITET I 2022: Julemoro 06. Desember

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET:

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 1 . ved oppstart

ANTAL DUGNADAR:

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR TATT PÅ SEG VERV I KLUBBEN:



### Gutar 7

LAG: Gutter fødd 2016

TRENAR/AR: våren 2023 rullerte foreldre på trenar-rolla.

Hausten 2023 Simona Scubertova og Igor Schubert

LAGLEIAR/AR: Randi Agledal Jordalen og Ruth-Marie Flatjord

TRENINGSTID: onsdagar klokka 17.30 -18.30 på Voss gymnas

ANTALL SPELARAR: våren:13 spelarar, hausten; 8 spelarar

AKTIVITET I 2022:

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: felles kveldsmat etter siste trening før "sommarferien" og "julemorro" siste trening før juleferien.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: eit foreldremøte vår og eit foreldremøte haust

ANTAL DUGNADAR: 0

## Gutar 10

LAG: Gutar 2013/2014

TRENARAR: Runa Blomsnes Gyldenskog og Jon Arve Bjordal

LAGLEIAR: Sigrid Bjordal

TRENINGSTID: Måndagar kl. 17-18

ANTALL SPELARAR: 6 til 9 aktive spelarar hausten 2023.

AKTIVITET I 2023: Spilt seriespill. Ikkje deltatt på cup.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: -

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 2

ANTAL DUGNADAR: 1 (Voss handballcup)

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN: Jon Arve Bjordal sit i sekretariatet frå hausten 2023. Sigrid har meldt seg som vara i klubbstyret.

## Gutar 13

LAG: Gutar 11. Fødd 2011 og 2012

TRENAR/AR: Bente Sørлие Vines, Hanna Hesjedal og Kim Bakkerud

LAGLEIAR/AR: Kjerstin Reime Sørлие

TRENINGSTID: Måndag 16-17 Torsdag 17-18

ANTALL SPELARAR: 15/16

AKTIVITET I 2022: spelt serie

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Me har ete pizza og spelt bowling. Me hadde ein kjekk juleavslutning med kamp mot foreldra (Blanda lag) der me samlast i kafeen etterpå med hot dog, pepperkaker og brus.

ANNTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE:2

ANTAL DUGNADAR: Me hadde dugnad 1 helg i desember og planlegger ein til i mars/april

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR TATT PÅ SEG VERV I KLUBBEN: Namn og verv

Torill Gjerstad sitt i cup styre.

Sarita Kristine Paasche Saksvik sitter i sekretariatet.

## Jenter 6

LAG: Voss HK, jenter 2017

TRENAR/AR: Runa Blomsnes Gyldenskog, Emely Helland Lauritzen, Kristine Himle og Ingeborg Agledal

LAGLEIAR/AR: Katrine Nord Stalheim

TRENINGSTID: onsdag 17-18 (avslutter pr. no 17.45)

ANTALL SPELARAR: 15

AKTIVITET I 2023: treningar og julemoro

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET:

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 1 foreldremøte ved oppstart

## Jenter 7

LAG: Jenter 2016

TRENAR/AR Ida Blomhoff Pedersen, Cathrine Stue Børhaug, Eirik Klyve Dalland, Rune Tjøsvoll Haugseth

LAGLEIAR/AR: Guro Berge

TRENINGSTID: Onsdag 18:30-19:30 ( prøver ut ny treningstid 17:30-18:30 no)

ANTALL SPELARAR: 15 ivrige jenter

AKTIVITET I 2022: Laget har hatt trening kvar onsdag, og var med på julemorro i desember, noko som dei syns var veldig kjekt.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Var med på julemorro i desember.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 1 møte for foreldra i haust.

## Jenter 8

LAG: jenter 2015

TRENAR/AR: Siri Rogne Lindstad og Monica Bakketun

LAGLEIAR/AR: Alexander Tillung

TRENINGSTID: Tysdagar 18-19

ANTALL SPELARAR: 16

AKTIVITET I 2023: deltatt på minihandballturnering i Åsane og Arna

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA

ÅRET: Tilskodarar på handballkamp i idrettshallen. Avslutta med pizza

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE:2

ANTAL DUGNADAR: 1 (voss handballcup)

## Jenter 10

LAG: j10 (j9 og j10 er slått saman til eit j10 lag)

TRENAR/AR: Morten Kronstad og Sunniva Toje

LAGLEIAR/AR: Nils Petter Bere og Jorunn Svane Norekvål

TRENINGSTID: onsdag 18-19

ANTALL SPELARAR: ca 10-12 stk

AKTIVITET I 2022:

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET:

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 1

ANTAL DUGNADAR: 2 + cup

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR TATT PÅ SEG VERV I KLUBBEN: Namn og verv

Morten Kronstad -Trenar j10

Jorunn Svane Norekvål – Lagleiar j10

Nils Petter Bere- Lagleiar j10

Stine Gjerald- Sekreteriat

Hilde Andersen- trenar j15



## Jenter 13

LAG: Voss HK J13 (f.2010/11)

TRENAR/AR: Rita Høvset og Synva Haugo

LAGLEIAR/AR: Jeanette Lillås og Kari Løkkebø Saue

TRENINGSTID: måndag 17:30-19 og torsdag 18-19 (joggar frå 17:30) i Voss dr.hall

ANTALL SPELARAR: pr.no 17 spelarar, 16 med lisens.

AKTIVITET I 2023: Laget spela då J12 før sommaren, stilte i den årsklassen på cup heime på Voss og på Stord i Pinsehelga. På Stord var det kampar på kunstgras, ute og i øs pøs regn. Men god stemning og jentene spela bra!! Budde på same skule som G11 og J13.



Etter sommaren starta laget opp i J13-serien, og hadde oppkøyring til sesong med deltaking på cup i Førde. Ei strålende god opplading (som me truleg kjem til å gjenta i år)! Fleire nye jenter prøvde seg på treningar utover hausten/vinteren. Nokon har valgt å fortsetje, medan nokon har funne ut at handball ikkje er sporten for dei.

Me hadde i haust ei helg på hotell på Kokstad då me hadde kamp både laurdag og sundag. Ein fin sjanse til å «riste» jentene enno betre saman. Kamp laurdag, felles middag på Egon Lagunen, tilbake på hotellet. Der vart det innlosjering og shuffle-board. Spasertur i Arboretet sundagen for å vakne før me reiste på kamp nummer to for helga.

I serien på hausten kom me på 4.plass og vart då etter nyttår sett saman med andre lag, frå dei andre



puljene, som hadde kome på medio plass i sin serie. Jentene ligg no i skrivande stund midt på tabellen, med tre kampar spela.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Utanom alle reiser me har vore på så har me hatt to samlingar i løpet av fjoråret. Prestegardslandet ein fin sommarkveld i juni-23, med medbragt kvelds og «Catch the flag». Alle spelarane og fleire føresette. Høg kosefaktor for alle, og lyskestrekk for føresette! Det var avslutninga på sesongen 22/23. Felles trening og kvelds i idrettshallen i desember-23 markerte avslutning før juleferien.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 4

ANTAL DUGNADAR: ca.5 helger med lotteri på Coop Skulestadmo, Kiwi Palmafossen og Amfi.

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR TATT PÅ SEG VERV I KLUBBEN:

I tillegg til trenar/lagleiarar er det;

John-Ingen Johnsen, styret/innkjøp

Simona Schubertova, styret/økonomi

Igor Schubert, styret Voss Handballcup

Hilde Kyte Johnsen, sekretariat

## Jenter 15

Hausten vart jenter 2008 og 2009 slått saman til eitt jenter 15 lag. Denne oppsummeringa dekker berre hausten.

LAG: Jenter 15 år

TRENAR/AR: Geir Arne Aspebakken og Hilde Andersen Hagen (ass. trener)

LAGLEIAR/AR: Cathrine Rakfjord Sandvik og Wenche Carlisle

TRENINGSTID: mandager og torsdager kl. 17.30-19, onsdager kl. 19-20.15 (frivillig)

ANTALL SPELARAR: 19 spillere (12 født 08 og 7 født 09)

AKTIVITET I 2023:

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET:

- kamp, spillere mot foreldre

- romjuls cup i Bergen: Jentene vann B-sluttspillet på imponerende vis, etter ein siger og to tap innleiande.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: - i høst etter oppstart

**ANTAL DUGNADAR:**

- salg av varer til bekjente (høst)
- loddsalg på butikk/senter (før jul)

**FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR TATT PÅ SEG VERV I KLUBBEN: Namn og verv**

- Hege Toje: leder
- Birgitte Horn: nestleder
- Torbjørn Tveit Bakketun: styreleder i Voss handballcup
- Erlend Mestad og Gro Songve: sekretariat



**JUBLANDE GJENG:** Voss HK stakk av med sigeren i finalen. Oppe frå venstre: Hilde Andersen Hagen, Andrea Andersen Steinsland, Sunniva Toje, Sara Skorpen Kråkevik, Emma Songve Flattun, Tilde Kristiansen Mestad, Ingeborg Rakfjord Sandvik, Cathrine Rakfjord Sandvik. Nede frå venstre: Sigrid Løkkebø Saue, Guri Bolstad, Maria Norekvål, Nora Myhre Carlisle. Fremst: Thea Isabell Tveit Bækkelund.

**Jenter 17-20**

**LAG:** j 17-20

**TRENAR/AR:** Erik Blindheim og Ingeborg Almeland Tveit

**LAGLEIAR/AR:** Mariann Lunde Bystøl og Guro Kolbu Christensen

**TRENINGSTID:** måndagar kl. 19.00-20.30 og torsdag kl. 19.00-20.00 (Voss gymnas)

**ANTALL SPELARAR:** 19

AKTIVITET I 2023: Årets gruppe består av mange spelarar, då det er fleire lag som er sett saman til eitt denne sesongen. I og med at me har spela i juniorserien, må alle vera fylt 16 år. Difor har me sett fram til kvar ein 16-årsdag denne hausten. No har endeleg alle lov å spele, og det er kjekt. Dei eldste på laget har tatt godt imot dei unge og nye!

Sesongen starta med to singlar og to tap, og fordelinga ved halvspelt sesong er fem singlar, fem tap og ein uavgjort. Det har vore mykje godt spel, men me svingar og ein del prestasjonsmessig på banen, både individuelt og som lag. Utviklinga er positiv, og me fortset å jobbe på. På treningane har me hatt veldig fokus på kast og grep, for me får mange unødvendige personlege feil på grunn av dårleg flyt i spelet. Det påverkar spelet vårt når dei grunnleggjande ferdigheitene ikkje ligg i botn. Her må alle ha eit ekstra fokus! Det er også mykje godt spel, med solid forsvarsspel og flott angrepsspel.

Fleire av spelarane har og hospitert og vore med på damekampar i haust. Dei har spela seg inn til fast plass på laget, og bidreg i stor grad både på trening og i kamp. Jentene er motiverte og får mykje ut av å vere med. Kjekt!

Per dags dato ligg me på 6. plass, og har sju kampar att.

#### K4 . Kvinner 4. divisjon

TRENAR: Kim Bakkerud

LAGLEIAR: Ida Irene G. Ormåsen

TRENINGSTID: Måndag 19:00-20:30 + Onsdagar 19:00-20:00

ANTALL SPELARAR: varierer litt mellom 10 og 15 spelarar, pluss nokon frå J17/20

AKTIVITET I 2022: div sosiale tilsetningar, nyttårsbord, sommarfest, sommartrening,

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: sosiale kveldar etter kamp med middag og leker, møtes for styrketrening/gåtur og lignende

ANTAL SPELARMØTE: 1 i halvåret, 2-3 til saman i løpet av et kalender år

ANTAL DUGNADAR: ingen

SPORTSLIG UTVIKLING:

Vi har i 2023 hatt ein formidabel utvikling på yngre spelarar som gjennom året har gått frå å spele fast på J17/20 til å ha tatt steget til damelaget. Pr dd er det 4 J17/20 spelarar som har tatt steget og vist så stort ansvar at de har etablert seg som fast inventar i damelaget. Samtidig jobbar vi tett med J17/20 og J15 på treningar og kampar / treningskampar, fleire spelarar har fått prøve seg på

damekampar og er i ferd med å utvikle seg til å bli formidable handballspelarar. Har hatt 2 treningskampar mot Aurland hausten 2023 kor mange junior jenter fekk vist seg fram. Vi jobbar hardt for å få ein god treningskultur og eit godt samhald, noko som igjen viser seg i gode kampresultat. Har nokre utfordringar rundt størrelse på seniorstall og skulle gjerne hatt nokre fleire spelarar til disposisjon.



Ingeborg Almeland Tveit i luftig sjev –og eitt stjerneeksempel på godt hoppshot.